# Retningslinjer for plassering av innsamlingsboksar for klede på kommunal grunn

**Kvam herad ser det som eit godt tiltak å tillate innsamling av klede som går til gode formål. Fra 1.1.2025 har kommunane ansvar for å tilby innsamling av tekstilavfall ueigna for gjenbruk. Innsamlingsboksane for klede til gjenbruk er saman med kommunens lovpålagte innsamling av klede ueigna for gjenbruk med å gir eit heilheitleg tilbod for innsamling av tekstilar.**

**Tekstilar ueigna for gjenbruk kan leverast på gjenvinningsstasjonen i Sandvenshagen.**

**For å kunne styre antall innsamlingsboksar og kva organisasjonar som skal få nytte kommunal grunn er det viktig å setje opp reglar for kven som kan søkje, når de må søkje, storleik og plassering av boks, varigheit og oppsigelsar, samt ansvarsforhold.**

**Det vil bli tillate mellom 3 og 5 boksar på kvart innsamlingspunkt. Dei som ikkje har søkt om plass vil få melding om å hente konteinarane. Det gjeld også dei som har meir enn ein på kvart innsamlingspunkt.**

**Kven kan søkje?**

- **Det er viktig for Kvam herad å ha seriøse og profesjonelle aktørar som har gode formål.**
- **Aktørane må kunne dokumentere at inntektene i hovudsak går til gode formål.**
- **Det vil bli stilt krav om innrapportering frå aktøren om mengder innsamla tøy/klede, slik at kommunen kan rapportere vidare i samband med KOSTRA rapportering.**

**Når kan ein søkje?**

**Det vart opna for søknader frå 3. januar 2022 etter ny ordning. Organisasjonar som har utplassert konteinarar på lokasjonar frå før må søkje på nytt, og det vil verta tildelt plassar fortløpande så lenge det er ledig.**

**Varigheit og oppsigelse**

**Alle godkjenningar som vert gjevne til utplassering av konteinarar er midlertidige og kan verta gjenstand for revurdering. Dersom kommunen t.d. får klager eller t.d. ynskjer å nytta områda til anna formål kan kommunen krevje konteinar flytta/fjerna innan kort tid. På lokasjonar der konteinarar vert flytta/fjerna har dykk 14 dagars ryddeplikt.**

## Lokasjonar:

<u>Oma:</u> ( 60.215270, 5.968572)

5 konteinarar



<u>Strandebarm:</u> (60.261331, 6011562)

5 konteinarar



<u>Tørvikbygd:</u> (60.301647, 6.169698)

5 konteinarar



<u>Vikøy:</u> (60.348339, 6.179420)

5 konteinarar



## Meieritomta (Nhs): (60.368771, 6.146698)

5 konteinarar



## REMA 1000 (Nhs): (60.370292, 6.158720)

3 konteinarar



## Storeteigen (Øystese): (60.379044, 6.200837)

5 konteinarar



## Kvammabygg (Øystese) (60.387507, 6.198723)

5 konteinarar

